

10 lag hoppa i havet

12.06.2010



Oddmund Soldal imponerte igjen

10 lag hoppa i havet i båthamna og den dramatiske tevlinga vart eit flott punktum for Aktivitetsdagen også i år. Eigentleg var det meldt på 12, men to utdrikningslag kom ikkje - av naturlege grunnar.

Kreativiteten og dristigheten var stor også i år og dommartrioen Kjell Yri, Reidar Myklebust og Elin Legland hadde ingen lett oppgåve då dei skulle kåra det mest kreative og det mest optimistiske laget.



[SPAR sette utfor i ein svært spinkel gulost](#)

Men med omsyn til kreativitet enda dei forståeleg nok på Oddmund Soldals sjøgående og forbeta sykkel medan to damevenner i heliumfylt ball fekk premien som dei mest optimistiske. Korkje kreativitet eller optimisme låg noko etter det ein opplevde i fjor.



Damevennene i blå ball imponerte stort

Raskast, men med berre ein tidels margin til tur- og langrennsgruppa, var Paintball Uskedal (Jone Rørlien og Henrik Dahle) medan AFA kom på ein god tredjeplass. Ser ein ellers på tidene er det tydeleg at det skjer ein produktforbetring frå år til år, for dei raskaste i år var raskare enn dei raskaste i fjor.



Idrettslaget gjorde ikkje skam på namnet

Så raskt kom dei 10 laga fram til bjella: 1. Paintball Uskedal 5,60 2. Tur/langrenn 5.70 3. AFA 7,50 4. Idrettslaget 11,00 5. Bergen Group 11,60 6. Rebekka, Maren, Karsten 15,40 7. Damevennene 17,40 8. SPAR 19,00 9. Kjellsons 22,35 10. Bursdagsjente 24,70

Hopp i havet vart greitt avvikla sjølv om det vart visse komplikasjonar med ballongen til Damevennene Bjarne Lilleaas og Magne Huglen var kjappe og flinke kommentatorar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen